

## Aserbajdsjan: Nederlag for demokrati- kreftene

Daniel Heradstveit

**I oljerike Aserbajdsjan er kontrasten i levemåte mellom dei styrande og vanlege borgarar stor. Halve befolkninga lever under fattigdomsgrensa, og 25 prosent av barna lir av feilernæring. Det er ikkje berre underklassen som lever i fattigdom, middelklassen som i sovjettida levde bra, er blitt nyfattige. Staten si altomfattande rolle i alt økonomisk liv, kveler ei god økonomisk utvikling.**

- Korleis er maktforholda i Aserbajdsjan?
- Korleis er forholdet mellom styresmaktene i Aserbajdsjan og dei utanlandske oljeselskapa?
- Korleis påverker oljeinntektene det aserbajdsjanske samfunnet?

### Valet

Alt da den tidlegare presidenten Geidar Alijev døydde og sonen hans, Ilham Alijev, blei utnemnd til ny statsminister i august 2003, protesterte opposisjonen sterkt. Samstundes blei sonen også oppført som kandidat til valet i oktober same år. Menneskerettsorganisasjonen Human Rights Watch uttrykte at det verka som om regjeringa prøvde å få i stand ei maktoverføring innanfor familien og utan eit fritt og rettferdig val. Ilham Alijev vann valet med snau

80 prosent av stemmene. Tusenvis av misnøgde og rasande aserbajdsjanarar nekta å godkjenne resultatet. Dei hevda det blei fuska under valet, demonstrerte og støyte saman med regjeringsstyrkar. I samanstøytta blei fleire menneske drepne og såra. Internasjonale observatørar fordømde valet og meinte det ikkje tilfredsstilte internasjonale, demokratiske standardar.

I kommentarane til valet blir olje halden fram som ei hovudårsak til demokratikreftenes nederlag. Oljerikdommen gjør det lett for regjeringa å skaffe seg støttespelarar til dømes ved å favorisere familie, slekt og klan. Det har utvikla seg ein overklasse som styresmaktene (regimet) vernar om og som til gjengjeld blir lojale overfor regimet. I den typen fåmannsvelde som det her er snakk om, har ein del personar oppnådd urettmessige fordelar. Og det er derfor dei som fryktar reformer og forandringar aller mest. For dei er det om å gjøre at same familie, klan eller gruppe sit med makta. Slekt og kontaktar – ikkje kunnskap og evner – er blitt avgjørande for tilsetjing i sentrale stillingar i staten. Styresmaktene held systemet ved like og gjør det som står i deira makt for å hindre at landet blir del av den moderne opne og globale økonomien.

Kva meinte menneskerettsorganisasjonen Human Rights Watch om den siste maktoverføringa i Aserbajdsjan?

### Opprør i Baku 2003.

Tilhengarane til nr. to ved valet i oktober 2003, Isagambar, protesterer mot gjennomføringa av valet. Styresmaktene møter dei med opprørspoliti. Kor mye er ideologi og kor mye er personlege maktambisjonar ved val i Kaukasus?

Foto: Astrid Everensel



# Aserbajdsjan: Nederlag for demokratikreftene



Gjør greie for kva styresmaktene i Aserbajdsjan nyttar oljeinntektene til.

Korleis kan olje vere ei hovudårsak til demokrati-kreftenes nederlag?

Kva for håp kan aserbajdsjanarar gjøre seg om at den nye presidenten vil rydde opp i korrupsjonen i landet?

## Korrupsjon

Korrupsjonen florerer i den aserbajdsjanske oljeindustrien. Smugling av olje til Georgia, Tyrkia, Ukraina eller Russland er spesielt attraktivt for smuglarane. Det er ikkje tilfeldig at nettopp presidentfamilien står sentralt i denne verksemda. Den avdøde president Geidar Alijev plasserte begge sønene sine i oljeindustrien. Mot denne bakgrunnen er det lite håp om at den nyvalde presidenten vil rydde opp i korrupsjonsproblemet. Ja, for kva kan ein vente av ein president som bestemmer at revisjonen av det statlege oljeselskapet SOCAR sine rekneskapar skal sortere under hans kontor?

Få i Aserbajdsjan har kontakt med dei utanlandske aktørane som lèt oljeinntektene gå direkte til staten. Dermed styrker oljeeksporten den statlege kontrollen med oljeinntektene, gir byråkratiet større makt og opnar for rikmannsvelde. At pengane er tileigna på korrumpert vis, er ille. Verre er det likevel at pengane blir «nedfrosne» i bankar i utlandet og ikkje investerte i produktiv verksemd som ville komme folk og land til gode.

Når oljerikdommen legg forholda til rette for at dei få kan sko seg på dei mange, skuldast det òg at **oljeinntektene minskar skattepresset** på befolkninga. Ein negativ bieffekt av dette er at befolkninga da i mindre grad syner interesse for regimet. Dei styrande blir dermed ikkje stilt til ansvar. Ein som betaler ein skatt vil derimot gjerne vite kva staten bruker pengane til. Slikt styrker krav om demokrati og medbestemming.

Det sivile samfunn (ikkje-statlege organisasjonar) står heilt sentralt når det gjeld å fremje krav overfor staten. Kjem ikkje staten det i møte, taper styresmaktene legitimitet. Igjen er oljeinntektene inne i bildet ved at regimet «kjøper opp» uavhengige institusjo-

nar og organisasjonar, får kontroll og dermed nøytraliserer dei. Dette er tilfelle i Aserbajdsjan der ikkje-statlege organisasjonar som ein skulle tru ville vere uavhengige, i realiteten er handlangarar for staten.

Å nasjonalisere vestlege oljeselskap var lenge utenkeleg, men blir i dag ikkje utelukka dersom opposisjonen skulle få makta. Når ikkje berre styresmaktene, men òg utanlandske oljeselskap i dag får skulda for manglande økonomisk utvikling, heng det saman med at dei tilsidesette (marginaliserte) som utgjør fleirtalet i landet, ser **alliansen mellom regimet og oljeselskapa** som grunn til elendet. Hadde oljeselskapa gått mot korrupsjon og misbruk av oljerikdommen, ville situasjonen vore ein heilt annan. Da ville heller ikkje nær sagt all industri utanfor oljesektoren ha lege brakk.

I Vesten er korrupsjonsskandalane prega av å vere avgrensa einskildhendingar. I Aserbajdsjan er korrupsjon sett i system og går føre seg i ein nøye regissert og kontrollert prosess. Korrupsjon er blitt ein del av systemet – den er institusjonalisert. Sjølv om den korruperte verksemda er styrt av uskrivne reglar, er den likevel lett å føreseie. Kommandolinjene har sitt system og fastsette reglar: Ein tollar som tar ulovleg toll, held ein viss del for seg sjølv og gir resten (ein større del) til sin overordna som så igjen tar sin del og gir resten til sin overordna, og så vidare.

## Opposisjonen

Den politiske opposisjonen i Aserbajdsjan er splitta og manglar ei felles plattform og må ta sin del av skulda for vanstyret. Den gir inntrykk av ikkje å stole på eiga evne til å kaste regimet og sjølv overta. Entusiasmen og engasjementet frå perestrojkaens dagar, da Aserbajdsjan viste veg mot fridom og sjølvstende, er borte. I staden for å samle seg om felles interesser, fører klienteking til rivalisering og usemje mellom dei ulike partileiarane.

Når befolkninga ikkje i større grad gjør opprør mot det korruperte styret, heng det mellom anna saman med at den ikkje er seg tilstrekkeleg bevisst svindelen som overklassen driv med. For å kunne halde ved like få- og rikmannsvelde, er det viktig å halde seg unna det offentlege rom, ikkje la seg intervjue eller på annan måte gjøre seg synleg. Det blir derfor ei oppgåve for demokratikreftene i Aserbajdsjan å få fram korleis rikmannsklassen skor seg på folket. Ein effektiv måte å gå fram på kan vere å alliere seg med internasjonale krefter mot korrupsjon og øve press på vestlege oljeselskap og krevje opne forhold. Å gi signaturbonusar (ein bonus oljeselskap må betale i noen land

# Aserbajdsjan: Nederlag for demokratikreftene

Kva har hendt med det sivile samfunnet i Aserbajdsjan etter at dei sto i fremste rekke i kampen mot sovjetdiktaturet?

Kva meiner ein med signaturbonus?

Kva er Nagorno-Karabakh? Kven står striden mellom, kva går striden ut på og kva er situasjonen i dag?

for å få leite etter olje og gass) til korruperte regime utan at tala blir offentleggjorde, er ikkje lenger akseptabelt. Å halde bonustala hemmeleg vil seie det same som å spele på lag med diktatoriske regime. Makthavarane puttar pengane i eiga lomme. At signaturbonusar er usynlege i budsjetta som blir lagt fram for nasjonalforsamlinga, er eit stadig tilbakevendande tema i den aserbajdsjanske opposisjonen.

I befolkninga rår apatien. For der har ein mist trua på at eit politisk maktskifte kan endre kvardagen. Ei vanleg oppfatning er at om opposisjonen fekk makta, ville den sko seg på same måte som dagens makthavarar. Dette kan oppfattast som merkeleg fordi landet – samanlikna med andre land i Midtausten og Sentral-Asia – er mindre autoritært. Aserbajdsjan har i periodar vore sterkt påverka av vestlege idear om demokrati og rettsstat. Sjølv om landet langt frå er eit demokrati, er det likevel rom for annleis tenkande. Men manglande evne til handling og intern krangel gjør at opposisjonen ikkje klarer å utnytte dette. Dermed blir den ikkje heilt trudd på i andre land, mellom dei USA, som ved siste val ikkje støtta den demokrati-vennlege opposisjonen, men İlham Alijev. Amerikanarane måtte vere vel vitande om at udemokratiske og korruperte makthavarar da ville halde fram ved makta.

## Nagorno-Karabakh

Konflikten mellom Aserbajdsjan og Armenia om Nagorno-Karabakh er eksempel på ein etnisk og regional konflikt. I ressursrike land med alvorlege etniske og regionale konflik-

## Nagorno-Karabakh

Da Nagorno-Karabakh i 1813 blei erobra av Russland, hadde området ein stor muslimsk befolkning. Etter kvart blei det ein tilfluktshamn for armenarar på flukt frå det tyrkiske riket. På 1800-talet levde armenarane og den muslimske bondebefolkninga fredeleg saman, men den tyrkiske utryddinga av osmanske armenarar i åra 1915–1920 gjorde at armenarane såg med stor mistru på dei aserbajdsjanske naboane som språkleg og religiøst sto tyrkarane nær.

I 1921 bestemte Stalin utan vidare – mot råd frå dei lokale kommunistleiarane – at Nagorno-Karabakh skulle ligge under aserbajdsjansk administrasjon. I 1923 fekk Nagorno-Karabakh dagens grenser og status som autonomt område. Området var på denne tida heilt dominert av arme-

narar. Karabakharmenarane hevdar at Aserbajdsjan har halde dei nede, så i 1988 ba enklaven derfor om overføring til Armenia. Sidan har det vore ein meir eller mindre full krigstilstand mellom Armenia og Aserbajdsjan. I 1991 erklærte Nagorno-Karabakh seg sjølvstendig, og i kampane etterpå miste tusenar livet, og nær ein million blei drivne på flukt. Armenia har seinare teke full kontroll over enklaven og eit større område rundt for å trygge forbindelsen mellom Nagorno-Karabakh og Armenia. Etter våpenkvila i 1994 var Armenia og Aserbajdsjan samde om å drøfte dei uløyste problema i regi av OSSE (Organisasjonen for sikkerhet og samarbeid i Europa). Forhandlingar har gått føre seg i fleire år, men partane har vist liten vilje til kompromiss.

tar kan inntektene bli brukt til å slå ned folkeleg opprør. Inntektene kan nyttast til å styrke dei institusjonane i samfunnet som har «legitimitet» til å bruke vold, slik som politi, rettsvesen og det militære. Dette skjer i Aserbajdsjan.

Både aserbajdsjanarar og armenarar gjør krav på enklaven (landlomma) Nagorno-Karabakh som ligg på området til Aserbajdsjan. Armenia har okkupert ca. ein firedel av Aserbajdsjans territorium, og dette har ført til eit enormt flyktningsproblem (om lag 1 million) i Aserbajdsjan. Armenia er eit kristent land, Aserbajdsjan i hovudsak muslimsk (70 prosent sjiamuslimar, 30 prosent sunnimuslimar). På same måte som den arabisk-israelske konflikten – om enn i mindre grad – er Nagorno-Karabakh-konflikten både **regional og global**.

Regionalt (Sentral-Asia og Kaukasus) kan den bli ein katalysator (påskyndar) for radikale nyorienteringar innanfor islam. Globalt kan ressurssterke diasporagrupper (eksilgrupper) vinne sympati gjennom lobbyverksemd og propaganda. Armenske synspunkt når lett fram i Vesten. Utviklinga i Aserbajdsjan avvik lite frå den negative utviklinga i andre oljeland. Alle bruker dei vold for å stagge og nøytralisere befolkning og opposisjon. Har ikkje Vesten lært av tidlegare feil der ein har støtta undertrykkande makthavarar for så å få negative verknader av folkeleg opprør i ansiktet i neste omgang? Dei politiske prosessane som gir negative utfall, er uhyre samanvevde og komplekse og har både indre og ytre aktørar som internasjonale oljeselskap og vestlege statar med interesser i området. Når alle er medskuldige, blir lett ingen skuldig. Det er ikkje berre ein katt å hengje bjølla på.

## Vesten

I Aserbajdsjan går det føre seg massive brot på menneskerettane – folk blir fengsla utan at saka kjem opp for domstolen. Elendige forhold gjør dei innsette mottakelege for dødelege sjukdommar, og svært mange dør i fengslet. Den svake, men oljerike staten er kasteball i **det geopolitiske maktspelet** i området der USA er ein sentral aktør. Mye skil den amerikanske presidentens vakre talemåtar om fridom, demokrati og menneskerettar frå dei politiske realitetane i Baku, understøtta av det same USA. Vestlege land har ein tendens til å sjå bort frå brota på menneskerettane i oljerike land.

Geopolitiske og økonomiske interesser kjem først, deretter vestlege demokratiske verdier.

Profitten frå store investeringar som særleg vestlege oljeselskap står for, går til makthavarane og blir for ein stor del skusla bort

# Aserbajdsjan: Nederlag for demokratikreftene



**Flyktninger.** Kva er grunnane til at det finst nær 1 million internflyktningar i Aserbajdsjan?

Diskuter om det er riktig av vestlege oljeselskap å investere i oljeutvinning i dagens Aserbajdsjan?

Kva meiner forfattaren med at Aserbajdsjan er blitt «ein kasteball i det geopolitiske maktspillet i området»?

**Daniel Heradstveit** er professor og forskar ved Norsk Utanrikspolitisk Institutt.

ved korrupsjon. Vesten og vestlege oljeselskap blir dermed **medspelarar** til eit undertrykkande regime som sløser bort det som skulle vere folkets gull. I det som i praksis blir ein allianse mellom korrupte og udemokratiske aserbajdsjanske styresmakter og vestlege statar og oljesel-

skap, ligg kimen til hat mot Vesten. Om dette ennå ikkje er situasjonen i Aserbajdsjan, kan vonbrotet over Vesten lett føre til ei negativ utvikling som gir grobott for ekstrem islamisme.

Forventningane til Vesten i dei frigjorde sovjetiske republikkane var store, men alt nå kan ein merke eit gryande vonbrot. Blir det forsterka, kan vi få same utviklinga som i det arabiske Midtausten. Der har holdninga til Vesten gått frå **kritikk til hat**. Studerer vi utviklinga i Aserbajdsjan som er nokså lik mønsteret i andre regionar etter nyvunnen fridom, bør ikkje dette komme som ei overrasking. Det blir etablert eit autoritært og korrupt lokalt regime som vestlege land av økonomiske eller tryggingsspolitiske interesser vel, eller ser seg tvinga til, å samarbeide med. At vestlege land propaganderer for demokrati og menneskerettar samstundes som dei støttar undertrykkande og anti-demokratiske regime, oppfattar befolkninga som dobbeltmoral.

## Demografi

På eitt viktig punkt – befolkningsutvikling – skil Aserbajdsjan seg klart ut frå andre oljerike land. Medan Algerie og Iran inntil nyleg har hatt befolkningsseksplosjon, har folketalet i Aserbajdsjan gått ned, ikkje berre på grunn av utvandring. Landet har òg hatt ein fødselsrate langt under det normale for desse landa. Dette skulle gjøre det mulig å utvikle ein god økonomi. At Aserbajdsjan ikkje har store grupper av unge frustrerte utan håp for framtida slik som Algerie og Iran, reduserer faren for destabilisering og uro.

## Aserbajdsjan – eit nytt Iran?

Folk som besøker landet har inntrykk av at det herskar ein relativt lett atmosfære, i motsetnad til i totalitære statar som Usbekistan og Iran. Men inntrykka turistane får, er gjerne overflatiske. Mellom anna har ikkje noen annan republikk i det tidlegare Sovjetunionen hatt større utvandring enn Aserbajdsjan. Det er eit paradoks at aser-

bajdsjanarane, som på mange måtar sto fremst i kampen mot Sovjetunionen, og som marsjerte i Bakus gater og ropte anti-russiske slagord, nå søker tilflukt i landet til dei tidlegare undertrykkarane.

Aserbajdsjan med sine svake institusjonar er avhengig av den som sit på toppen av regimet. Gjennom omsynslaus framferd mot politiske rivalar makta Geidar Alijev å skape ein viss stabilitet i Aserbajdsjan. Men ein slik måte å skaffe seg makt på har i seg ei spire til ustabilitet i framtida. Det vil vise seg om sonen vil makte å oppretthalde roa. Mange tvilar på hans evner og leiaregenskapar. I alle høve kan vi slå fast at måten presidentvalet blei gjennomført på, var ein særdeles dårleg start.

Det nedslåande valet til trass, det faktum at korrupsjon var tema i valkampen, var ut frå eit demokratisk synspunkt svært positivt. Uroa i samband med valet har likevel knust bildet av Aserbajdsjan som ein stat med ein viss stabilitet, med spede teikn på demokrati og med ein anstendig økonomi. Den sosiale misnøya som kom til uttrykk under valet, kom i fokus i vestlege massemedium og blei dermed ei side ved det aserbajdsjanske samfunnet som vestlege oljeselskap må ta omsyn til. Aserbajdsjan er ikkje lenger ein politisk idyll der oljeselskapa i fred og ro kan operere skjerna frå ubehageleg kritikk frå vestlege forbrukarar og ikkje-statlege organisasjonar. Rammevilkåra for oljeindustrien er i ferd med å bli strammare samstundes som den politiske risikoen er blitt større. Situasjonen i dag får observatørar til å samanlikne Aserbajdsjan med Iran slik landet var under den vestlegstøtta autoritære sjahen. Der kom motreaksjonen i form av den islamske revolusjonen og nasjonalisering av vestleg oljeindustri. Så langt er det likevel ikkje komme i Aserbajdsjan. Fleirtalet av befolkninga set si lit til og håper på draghjelp frå Vesten når det gjeld å få landet på vegen som fører til framgang og velstand. Spørsmålet er om Vesten grip dette høvet til å øve konstruktiv innverknad i staden for å gi krykker til fåmannsveldet som krenker menneskerettane og det sivile samfunnet.

Alle arbeidsoppgåver og nettadresser: **se under.**